

Rapport etter bokarrangement klima og miljø – Olav H. Hauge. Saknr. 2022/200100

Tiltaket vart gjennomført torsdag 13. april 2023. Staden for arrangementet var Modalen folkebibliotek.

Måten tiltaket vart gjennomført på: Etter ei innleiing av biblioteksjefen, starta forfattar Anne Karin Fonneland sin presentasjon i form av bilete på storskjerm ved bruk av lerret. Me fekk sjå framstillingar av klimaendringar, lesa og høyra dikt av både Olav H. Hauge og Fonneland. Ho kopla ord og bilete på ein svært god måte. Etterpå vart det både samtale og spørsmål. Både om klima, om skriving og dikta til Hauge.

Tiltaket vart gjennomført slik det var planlagt i søknaden.

«I boka "Olav H. Hauge og trea: Om å sjå naturen - og klimakrisa no!" kombinerer Anne Karin Fonneland nære lesingar av Olav H. Hauge sine dikt og dagbøker med essayistiske skildringar av ein nasjonalromantisk Hardanger i dramatisk endring. Møt ho i biblioteket og og høyr meir om trea, Hauge og klimaendringane».

Me søkte om to prosjekt, Fonneland og føredrag ved Trond Edvard Haukeland.

Me har valt å kun ha det arrangementet som var i april, og ikkje ha føredraget med Haukeland.

Grunnen til det, er både at sidan me fekk mindre mildlar enn søkt om, vil me gå i underskot også på dette arrangementet. I tillegg kom det ingen ungdommar på arrangementet om klima og miljø. Dette var overraskande. Haukeland sitt føredrag er retta mot ungdom. Me prioriterer ikkje å la han reise langt og at me skal gå i minus på eit nytt arrangement der det etter erfaringa med Fonneland truleg kjem svært få ungdommar.

Rekneskap og faktura blir sendt i etterkant.

Beste helsing
Mona Grenasberg
Biblioteksjef
Modalen folkebibliotek